



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
18.09.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/11641  
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

### Kommunen sin oppfylling av rett til barnehageplass - haust 2018

Utdanningsdirektoratet ber også i år om å bli underretta om kommunane sin oppfylling av retten til barnehageplass.

Mange kommunar har alt meldt til Fylkesmannen at dei vil oppfylle retten til barnehageplass for hausten 2018. Dei kommunane som gir eit tilbod som er i samsvar med barnehagelova § 12a til alle barn med rett til barnehageplass, treng ikkje å svare på dette brevet.

Vi ber om at dei kommunane som *ikkje greier å gi alle barn med rett til plass eit tilbod innan 1. desember 2018*, om å rapportere dette Fylkesmannen. Vi ber og om at desse kommunane gir ei tilbakemelding om kor mange barn som står på venteliste, korleis kommunen arbeider med å skaffe barnehageplassar og når ein forventar å gi desse barna eit tilbod.

Tilbakemelding til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) innan 1. desember 2018.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Marianne Svege  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*